

Bergen-band på Dønhaug fredag

19.03.2008

Langfredag er det folk-rock-bandet "The Foggy Few" frå Bergen som vitjar Dønhaugkjedlaren. Det gjorde dei også i påska for to år sidan og då opplevde dei som kom på Dønhaug eit forrykande liveband, sterkt inspirert av irsk og skotsk musikk.

Då dei debuterte med albumet "The Pint of No Return" for to år sidan, fekk dei strålande kritikk. Dagbladet skreiv mellom anna at albumet hadde "festmusikk som svingar på plate og sikkert enda meir live". No er det like før dei fem gutane kjem med album nummer to.

Bandet starta i 2003 og har sidan turnert landet på kryss og tvers saman med dei største norske artistane.